**Bryne kunstforening**

## Referat frå årsmøte i Bryne kunstforening

Tirsdag 27. april kl. 18.00

Elektronisk årsmøte på Teams grunna koronarestriksjonar

**Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent

**Sak 2 Val av to personar til å underteikna protokollen**

Inger Lise Belsvik og Linda Nora Rogn vart samrøystes valde.

**Sak 3 Val av ordstyrar og referent**

Sigvart Zachariassen vart vald til ordstyrar og Staale Grude Halland til referent

**Sak 4 Årsmelding 2020**

Leiar Sigvart Zachariassen gjekk gjennom hovudpunkta i årsmeldinga.

Denne vart samrøystes godkjend.med ei tilføying:

*Det er i 2020 utarbeida og lansert ny heimeside (www.brynekunstforening.no)*
*Spesielt Lisa Hognestad har lagt ned mykje arbeid for å få denne på plass*

**Sak 5 Rekneskap 2020**

Nils A. Refvik gjekk gjennom rekneskapen og revisjonsmedinga.

Rekneskapen vart tilrådd godkjent av revisorane

Årsmøtet godkjende samrøystes rekneskapen.

**Sak 6 Budsjett 2020**

Nils A. Refvik orienterte om budsjettet.

Dette var samrøystes godkjend.

**Sak 7 Handlingsplan**

Sigvart Zachariassen tok oss gjennom planen.

Planen samrøystes vedteke med eit tilleggspunkt:

Årsmøtet badstyret om å endra ordlyden i fyrste setning i sjette avsnitt – «BKF skal tenkja økonomi i utstillingsprogrammet – *om kunsten er salbar er eit kriterium i tillegg til dei kunstfaglege*» - slik at det kjem tydelegare fram at det kunstfaglege er viktigare enn at kunsten er salbar

**Sak 8 Innkome forslag**

Det var ingen forslag frå medlemmane til handsaming.

Styret kom med framleg om reglar for kjernesamlinga.

**BFK-Kriterium for val av verk til kjernesamlinga**

Styret sitt forslag blei vedteke med ei endring og eit nytt punkt:

Endring:

**BKF – Kriterium for val av verk til kjernesamlinga**
1.Kunstnarane skal helst *oppfylla minst eit av fyljande kriterium* – Tillegg i kursiv skrift

Nytt punkt:

***Sal av verk frå samlinga***

*Dersom verk frå samlinga blir selde skal kunstnaren om mogleg varslas om dette.* – helie punktet er nytt

**Sak 9 Val av styre, revisorar og valkomité**

**Styre og revisorar**

Valkomitéen ved Magda Line la fram denne lista:

| | |
|---|---|
| Leiar: | Ikkje funne kandidat |
| Styremedlem: | Inger Åse Høyland Braut – attval, to år |
| Styremedlem: | Kine Hansen Vik – ny, to år |
| Styremedlem: | Nils Anders Refvik – attval, eitt år |
| Styremedlem: | Linda Nora Rogn, attval, to år |
| Styremedlem: | Børge Goa, ikkje på val |
| Styremedlem: | Lisa Hognestad – attval, eitt år |
| Styremedlem: | Annika Tove Roaldkvam – ny, to år |
| Styremedlem: | Sigvart Zachariassen – attval for eitt år / ansvarleg inntil val av ny leiar |
| Varamedlem: | Åsa Dirdal – ny, to år |

Varamedlem: Inger Lise Belsvik – ikkje på val,

Revisor: Staale Grude Haaland – ikkje på val,

Revisor: Rein Harald Salte – attval, to år

Innstillinga vart vedteke med akklamasjon.

Styret fekk fullmakt av årsmøte til å velja ny leiar blant styret. Dersom dette ikkje let seg gjera skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte når ein har funne ein kandidat til leiarvervet

**Valkomité**

Styret føreslo attval for to år på Jostein Ueland
Magda Line var ikkje på val

Dette vart også samrøytes vedteke.

27. april 2021

Staale Grude Haaland
referent

Linda Nora Rogn

Linda Nora Rogn

Inger Lise Belsvik

Inger Lise Belsvik